



VABØ VIGLEIK

5955 LINDÅS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Silje Anette Lyhammer, 5557 2151

Svar på søknad om dispensasjon frå fristen for etterregistrering av avløysarutgifter 2018 - Vagleik Vabø

Vi viser til søknaden din om dispensasjon frå søknadsfrist, dagsett 27. januar 2019, samt Lindås kommune si oversending til Fylkesmannen, dagsett 5. februar 2019.

Vedtak

Fylkesmannen gjev ikkje føretaket Vabø Vagleik, org.nr 971 205 261, dispensasjon frå etterregistreringsfristen i produksjonstilskot. Vedtaket har heimel i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot av 19. desember 2014 med tilhøyrande rundskriv.

Bakgrunn

Søkjjar driv med hald av sau på gbnr 106/12 i Lindås kommune. I mars 2018 vart det søkt om tilskot til 25 søyer og 2 verar. Ved søknad i oktober vart det søkt om tilskot til 10 dekar fulldyrka areal, 1 dekar overflatedyrka areal og 8 dekar innmarksbeite, 26 sauer og 29 lam på beite i minst 12 veker, 26 sauer og 27 lam på utmarksbeite i minst 5 veker. Det var òg kryssa av for at du søkjer om avløysartilskot. Du har rett til inntil kr 11. 664,- i tilskot til avløyning. Førebels sum ført inn var kr 3.000,-.

Grunna helserelatert utanlandsopphald på Cuba i perioden 12. desember 2018 – 18. januar 2019 vart det ikkje sendt inn etterregistrerte avløysarutgifter innan 10. januar 2019. Det er òg dårleg tilgang på internett der.

Du søkjer difor om dispensasjon frå etterregistreringsfristen i produksjonstilskot 20188.

Vurdering

Jamfør § 9 i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket av 19. desember 2014 kan Fylkesmannen i særlege tilfelle dispensera frå reglane i § 2, § 3 første ledd, andre ledd, tredje ledd bokstav a, b samt fjerde ledd, § 4 første andre og fjerde ledd, § 5, § 6 og § 8 andre og tredje ledd. Det er ikkje høve til å dispensera frå andre reglar enn dei som er lista opp over.



Ein dispensasjon kan gjevast i «særlege tilfelle». Det tyder at det kun skal innvilgast når det føreligg ein spesiell, forbigåande årsak utanfor føretaket sin kontroll som fører til at føretaket ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta.

Føretaket Vabø Vagleik, org.nr 971 205 261, søkjer om dispensasjon frå § 8 tredje ledd i forskrifta.

Det er berre i tilfelle der søkjar har fått dispensasjon frå søknadsfristen at det vil vera mogleg for søkjar å levera søknaden etter fristen.

Det er søkjar sitt eige ansvar å sørgja for at søknaden vert levert i rett tid. Dette gjeld òg nye søkjarar. Søknadsfristen går fram av både av forskrift og jordbruksavtalen, og blir kunngjort kvart år i god tid før søknadsfristen går ut.

Det skal ikkje gjevast dispensasjon dersom søkjar ikkje sjølv har gjort tilstrekkelege tiltak for å sikra at søknaden vart levert i tide. Dette gjeld om ein har gløymt å levera søknad og om andre som har fått ansvar for å levera, ikkje har levert søknaden i tide. Det at oversitjing av søknadsfristen får økonomiske konsekvensar for søkjar kan heller ikkje reknast som eit «særleg tilfelle» som gjev grunnlag for dispensasjon.

Du sendte ikkje inn søknad om avløysartilskot innan 10. januar 2019 grunna utanlandsopphald på Cuba. Du skriv i søknaden at det var dårleg Internettilgang og du var der av helseårsaker.

Vi meiner ei planlagt reise ikkje kan reknast som eit særskild tilfelle. Fylkesmannen gjev ikkje føretaket Vabø Vagleik dispensasjon frå søknadsfristen.

Klagerett

Du kan klaga på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du mottok dette brevet, jf. § 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær (e.f.)
ass landbruksdirektør

Silje Anette Lyhammer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ